



## Årsmøte 2001 den 19/2 kl 19.30 i Sørre Hemsing

### Sakliste

1. Godkjenning av innkalling
2. Godkjenning av saksliste
3. Val av ordstyrar
4. Val av skrivar
5. Val av to til å underskrive protokollen
6. Årsmelding
7. Rekneskap
8. Budsjett
9. Kontingent (også til regionlaget via LFS?)
10. Val
11. Val av utsending til årsmøte i LFS på Røros sist i april
12. Val av to utsendingar til VFL sitt årsmøte samt representant til styret.
13. Arbeidsprogram
14. Kunngjeringar



## Årsmelding for år 2000

Siste årsmøte vart halde i Sørre Hemsing den 8.2.2000.

Der var det mange frammøtte. Trygve Bolstad med elevar var der, og siste delen av møtet tok vi hjå Bjørg Berge som feira 50-årsdag.

Desse vart valde:

**Leiar:** Nils Leine

**Styre:** Kari Hagaseth(ny)

Ingrid Skavhaug

Tron Kittelsen (Ny)

Nils Rogn(Ny)

**Vararepr:** Jan Sparstad

Guro Kvam

**Valnemnd:** Jan Sparstad(Ny)

Karin Trøen

Kari Birgit Lien

**Revisorar:** Arne Belsheim

Boye Thorpe

Medlemstal

56, ein nedgang på 7 frå året før.

Styremøte

Styret har hatt 5 møte.

Representasjon

**Lag / Møte**

Vang Sang og musikkråd

Valdres folkemusikkklag

Utsending på årsmøte i LFS

Premienemnd for Jørn Hilmestemnet

Utsending til årsmøte VFL

**Representant(ar)**

Nils Leine

Nils Rogn

Ingen

1. Kari Birgit Lien

2. Jan Sparstad

Nils R. og Tron K.

Tilstelningar

Konsert med Utla 4.mars i Høre Stavkyrkje. Ein svært vellukka og fin konsert.

Påskefest på Vennis. 19/4/2000

Konsert og dans m. Øystein Nickolaysen, Åge Sogn m. fl. på Høre samfunnshus den 2. desember.

17. maifest i Thorpe. Familiefest som bør takast opp att neste år.

Kurs

Songkurs med Agnes Buen Garnås 14-15. april, 15 betalande deltakrar.

## Medverking i konsertar m. m.

Mønstringskonsert 16. februar 2001 på VBU. Var medarrangør saman med Vang Skole- og Ungdomskorps. Her hadde vi eit fint innslag med dei unge dansarane og nokre langeleikspelarar. Nils tok på seg å vera programleiar på kort varsel, og oppgåva vart suverent gjennomført trass i uvanleg dårleg høgtalaranlegg i starten.

Fleire medlemmer var aktive ved opninga av det nye heisanlegget på Filefjell i desember. Vi hadde også "Stand" der dagen etter.

## Kappleiksdeltaking

**Lokalkappleiken og Runddansstemnet** i Vestre Slidre. Det var fleire deltarar med i lokalkappleiken. Det gjeld særleg dei yngste, og dei gjer det også svært godt.

**Jørn Hilme-stemnet.** Det vart også i år stilt lag i lagdans.

**Landskappleiken på Voss.** Fleire frå Valdreskvelven deltok. Turid Berge vann langelek klasse C! Dei yngste stilte også opp i eit samla Valdreslag i springar. Flott oppvisning!

## Ungdommens kulturmønstring

Turid Berge gjekk vidare til fylkesfinalen.

## Strunkeveka:

Her deltok også i år fleire unge frå Valdreskvelven.

## Det største

vi var med på i året som har gått, er utan tvil bryllaupsfeiringa i Sørre Hemsing. Karin og Ola Norvald ba oss inn til bryllaup og det var ein stor flokk som møttest hjå Kari og Ivar, og så gjekk vi opp til Sørre Hemsing. Eit spesielt godt minne.

## Utlån av instrument

Vi har to feler og to langeleikar til utlån. Felene og ein langelek er lånt ut. Ein langelek er i forvaring hjå Kari Hagaseth.

## Dansegolv

Dette ligg ved Sørre Hemsing, men vi må få eit betre lager. Det bør også reparerast.

## Medlemsaktivitetar

Felegruppa har hatt fleire øvingar i løpet av året.

Nils og Andris har gjort ein stor innsats med dei unge hallingdansarane. Det er no to grupper av unge hallingdansarar. Faste øvingskveldar.

2 øvingskveldar med Jørgen Trøen i Thorpe.

Vi har gjeve ut eitt nummer av Låt o Link saman med Vestre Slidre.

## Sluttord

Det har skjedd ein god del positive ting siste året, konsertar, tilstellingar og kappeleiksdeltaking. Vi blir bedne om å vera med på forskjellige ting, og det viser at vi trengst i lokalmiljøet. Det er særleg dei unge folk vil sjå og høyra. Rekruttering er då det neste stikkordet. Medlemstalet går nedover, og vi må bli flinkare til å få tak i medlemmer.

Det er alltid vanskeleg å få tak i tillitsvalde. Alle har nok med sitt, og dei aktive vil nødig ta på seg meir. Det stiller difor krav til at alle medlemmane er aktivt med på å dra lasset. Dette har ikkje vore noko problem til no, det har alltid vore lett å få folk til å hjelpa til når det trengst. Men dette må halda fram og styret treng all den hjelpe medlemmane kan gje.

Vang, den 19. februar 2001

Styret i Valdreskvelven.



## Arbeidsplan for 2001/2002

1. Lokalkappleik
  2. Medlemsverving
  3. Påskefest på Vennis
  4. Danse- og speløving
  5. Innkjøp av opptaksutstyr
  6. Konsert med ein kjend kunstnar
  7. Tur gjennom Vang (Jørn Hilme Stemnet)
  8. Deltaking på museumsjubileum 2.- 8. juli Valdres Folkemuseum
  9. Pubkomité skal ta seg av felles turar og andre sosiale tiltak
  10. Innsamlingsarbeid
-